



NR. 1, 57. ÅRGANG, 2018  
PÅSKE





## «Har du drive med hjernevasking no?»

Spørsmålet var sagt i fleip, men rører ved det vanskelegaste med å vera prest, nemleg bibelen. Det er vel difor vi brukar så mange år på å utdanne oss til prestar; for å forstå kva slag bok bibelen er.

Kommentaren er knytt til følgjande scene: Vi hadde delt ut kyrkjebøker til 4 åringane, eg innleia preika med orda; «No skal de få høre forteljinga om korleis vi vart til». Eg fortsetter med «I byrjinga var alt mørkt og tomt, så sa Gud «Bli lys» .... og det vart lys!» Eg hadde dei der, dei følgde med, laga eit lite menneske i plastilina, «bles liv» i det, og kan hende hang dei og med når leikemennesket i forteljinga tulla seg bort og vart funnen att.

Dette er det flotte med bibelen synes eg; Han har forteljingar som set ord på dei djupe

menneskeleg kjenslene og utfordringane; som å kjenne seg bortkommen.

Eg kunne ikkje seie til 4 åringane «Høyr her, verda vart etter all forsking ikkje til på sju dagar, dette er ikkje ei naturfag forteljing, men ei forteljing om kva som rører seg i menneskehjarta». Då hadde eg mista dei for lenge sidan. For ungane er ikkje dette noko problem, dei er vane med å gå ut og inn av eventyr og forteljingar, leik og daglegliv og let dei leve side om side. Problemet oppstår når nokon kjem og seier; «Dette er feil, jorda vart skapt ved «the big bang» og mennesket ved evolusjonen». Problemet er at dei vert sett opp mot kvarandre, naturvitenskapen og dei bibelske forteljingane. Vi treng begge til å orientere oss i livet. Vi treng å forstå korleis dei fysiske lovene fungerer, og vi treng forteljingar som rører ved kjensler og gir trøyst, set mot i oss og gir ord til spørsmål om meinings i eit uoversiktleg tilvære.

Ei utfording ved bibelen er at ho er ei bok som inneheld bøker av forskjellige sjangrar, som må lesast på forskjellig vis. Her er det jødiske folket si «kongesaga», det er dette folket sine lovbøker, det er bønnebøker, salmar, poesi, profetisk tordentale til eit folk på avvegar, underfulle forteljingar om Jesus, brev frå dei første kristne og draumeaktige framtidsvisionar.

Korleis skal ein då lese bibelen? Trengs det 6-7 års universitetsutdanning? Nei, det trengst ikkje, men les med eit vakent hovud og eit varmt hjarte. Vær klar over at det er forskjellige bøker skrivne i forskjellige samanhengar, og ikkje alt let seg direkte overføre til å gjelde som norm i dagens samfunn. Hald hjartet varmt og ope undrande i møtet med forteljingane om mennesket Jesus, han som ikkje gjorde forskjell på folk, som viste Guds storleik og medkjensle med oss menneske, og mykje, mykje meir.



## DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret, Tingvang  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes**

**E-POST:**  
post.oystreslidre@kyrkja.no

**KONTORTID:**  
Alle dagar 10 - 14

**PÅ KYRKJEVEG** - Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

**REDAKSJON:**  
Eli Vatn, Martha Viken, Ellen B. Hegge,  
Ingrid Meyrick og Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.

**LAY-OUT:** designsaskia.no  
**KONTO NR.:** 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751

**FRIST FOR INNLVERERING AV STOFF TIL NESTE  
NUMMER: 9. MAI 2018**

Foto framside: Eli Vatn  
Bibelaking med 5. klassingar i Volbu.

<b>Dagleg leiar:</b>	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
<b>Sokneprest/fjellprest:</b>	ELI VATN	991 29 976
<b>Prost:</b>	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
<b>Sekretær:</b>	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
<b>Kyrkjetenar:</b>	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
<b>Kyrkjemusikar:</b>	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
<b>Menighetspedagog:</b>	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

### LIDAR KYRKJE

Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørum  
Kyrkjetenar: Harald Melby  
Reinhaldar: Harald Melby  
**Soknerådsleiar: Mette Mari Lein**  
**996 90 632**

### HEGGE KYRKJE

Klokkar: Ellen Rudi  
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug  
Reinhaldar: Synnøve Rødningen  
**Soknerådsleiar: Gunvor Hegge**  
**907 40 702**

### VOLBU KYRKJE

Klokkar: Ingrid Meyrick  
Kyrkjetenar: Svein Hegge  
Reinhaldar: Svein Hegge  
**Soknerådsleiar: Einar Eriksen**  
**907 59 702**

### ROGNE KYRKJE

Klokkar: Mari Myrvold  
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne  
Reinhaldar: Svein Erik Rogne  
**Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang**  
**970 02 721**

# Med messe i Slidredomen som mål for søndagsturen

TEKST OG FOTO: CARL PHILIP WEISSER

Snart blir borna bore fram til døypefonten. Etter at dei er døypt lyfter presten dei og seier: ta vel imot vårt medmenneske og Guds born! Glade fadrar, stolte foreldre, barn som berre har levd nokre månader. Og heile kyrkjelyden som blir minna om at vi er Guds born og høyrer til i hans kjæreliek. Vakre salmar, ei spennig preike, bøn og nattverd understrekar dette.



Januarsøndagen er snøtung. Klokkar er to minutt på elleve. Oppe på eit jorde står eg og trekker pusten mens eg ser ned mot Slidredomen som ligg like der nede. Dei store, klangfulle klokkena i stupulen ovanfor kyrkja kling vakkert utover landskapet. Elles er alt stille, alle som skal i kyrkja har kome seg inn, så nær som det bunadskledde paret som kjem halvt gåande, halvt springande bortetter vegen. Det blir nokre sekund med ei totaloppleveling. Eit praktfullt kvitt snølandskap og den store steinkyrkja som ligg i ro, omgjeven av klokkeklang. Og så desse fargekledde og forventningsfulle menneska som skundar seg til kyrkja. Eg står med ski på beina og tar til meg opplevelinga før eg sett utføre den siste bakken. Bak meg blir det eit fint skispor i urørt nysnø ned mot kyrkja. Eg skal også inn i Slidredomen for å være med på messa.

Eg opnar kyrkjedøra varsamt; fra det folketomme landskapet utanfor blir det ein stor kontrast å kome inn i den fullsette kyrkja. Varmt rom, levande lys, organist Are Alund sitt flotte preludium og venlege blikk fra forventningsfulle menneske. Tre barn skal døypast og glade slektingar og vener er på plass. Eg går stilt til bakarste benken, får på meg ein tørr genser og syng med i første salme. På benken framom meg sit to små jenter saman med foreldra sine. Dei snur seg og ser litt forundra på denne fyren med skiklede og raude kinn som sit bakom dei. Eg nikkar til nokre kjenningar som sit eit stykke unna.

Men kvifor fortelje om ei gudsteneste i Slidredomen i kyrkjebladet for Øystre Slidre? Det er fordi gudstenesta for meg hadde starta tidleg om morgonen, heime i prestegarden i Volbu. «Far; kvifor går du i kyrkja når du har fri?» Borna mine spurde meg av og til om det då dei var små. Då som no må eg svara; «eg likar å gå til gudsteneste.» Når eg kan kombinere dette med at eg likar å bli kjend der

eg bur og eg likar å sjå nye stader er eg verkeleg nøgd. Slik var det denne januarsøndagen. I grålysinga spente eg på meg skia utanfor prestegarden, gjekk oppover jordene forbi Løken og kom etter kvart opp på åsen.

Skutersporet svinga opp mot Kvithøvd, men eg baksa meg fram i djupsnøen langs den gamle kyrkjevegen mellom Slidre og Volbu. Vegen som prester i hundreår har føre då Øystre og Vestre Slidre var eit prestegjeld. Rikeleg med snø gjorde at farten ned til Slidre ikkje vart større enn at eg kunne takle den.


Ut på ettermiddagen kom eg heim igjen til prestegarden i Volbu. Sliten var eg, men kombinasjonen av den fysiske og den åndelege opplevelinga sit framleis i meg.

Og tanken kjem. Når eg har gått til kyrkje er det som om eg blir meir mottakeleg for det som skjer i kyrkja, ikkje berre som noko som talar til hovudet, men til heile kroppen.

Etter å ha vore i kyrkje kjem eg ut og får ei ny og utvida oppleveling av naturens katedral. Naturen gjev noko til bodskapen som kyrkja har, og gudstenesta gjev innspel til å sjå og oppleve skaparverket og det guddommelege nærværet.

Eg vil halde fram med å slå eit slag for å legge kyrkjegang i søndagsturen. Lengda er ikkje det viktige; natur og kyrkje har eit spennande vekselspel å by på for heile mennesket. Ikkje minst påsketida gjev mange høve til kombinasjonar her i Øystre Slidre.

Gledeleg påske til alle lesarar!



## DEG Å FÅ SKODE

Jeg ble bedt om å skrive om en salme som jeg synes er fin. Valget mitt ble «Deg å få skode» nr. 482 i den nye salmeboka. Dette er opprinnelig en irsk salme fra 700-tallet. Den ble oversatt til norsk i 1978 av Arve Brunvoll. Melodien er en irsk folketone og det er spesielt den jeg synes er så fin.

– Bjørg Torill Skrebergene

1: Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå,  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljoset som strålar ved dag og ved natt!

2: Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

3: Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd,  
ver du det merket som syner mitt verd.  
Livd for mi sjel, den tryggaste vakt,  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

4: Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.



## MISJONSSØNDAG 4. FEBRUAR 2018 I LIDAR KYRKJE

Misjonksulent Øyvind Haaland frå Det norske Misjonsselskap hadde teke turen til Øystre Slidre. Han held preika denne dagen og den var både god og inspirerande. I fjar på misjonssøndagen fortalte han oss om litt frå Etiopia der alle sokna i Øystre Slidre har knytt til seg eit mor – barn prosjekt. Han kunne fortelje at dei så sårt trengte babytepper til unge fødande kvinner. Det var vanleg at dei unge jentene drog ut i skogen for å føde då det nærma seg tida. Det er svært ynskjeleg at dei føder på helsestasjonen, for ute i bushen går det ofte galt. Då er det fint å kunne gje dei eit teppe dersom dei kjem til helsestasjonen. Det synet seg at dette er eit godt tiltak.

Underteikna vart svært inspirert av dette, og sette i gang. Eg hadde fått litt feil informasjon om storleiken på teppene, men Øyvind tok mine to med seg og skulle sende dei vidare. Kanskje er det nokon av dykk som også har lyst til å strikke. Eg kan formidle dei vidare. Det er i allefall eit meiningsfylt håndarbeid og fint å ha f.eks. framfor TV.

Her kjem oppskrifta:

Legg opp ei maske, neste omgang til 3 og vidare legg opp ei maske på kvar omgang. Strikk til teppe måler 80 cm. I kant. Deretter ta inn ei maske på kvar omgang. Når det står att tre masker, legg oppatt på same måten som starten. Strikk til det blir ei lita hette som syast fast til teppet til slutt.

– Ellen B. Hegge



## Verdivandring

med Olav Amund Lie og Knut Arne Jacobsen

TEKST OG FOTO: ELI VATN



**E**g har vore hjå dei før, i høve Olav sitt oppdrag med å skjære to Luther roser til Lyskapellet. Då var det sumar, grøne plenar og eg kunne kjenne den rotne dufta frå komposttanken som akkurat var tømd. Det var då eg skjøna at eg måtte be karane på Karskogen med på verdivandring rundt verdien *jord*.

Denne gongen har vinteren forvandla det heile til eit reint og kvitt landskap. Vakkert er det også, lunt og kaldt på same tid. Ingen fuglesong, men vennleg musikk spela av vinden som leikar med uroa i bjørka like ved. Eg blir invitert inn i varm stove og bydd på te og heimelaga kjeks. Det er ei slik stove du må bruke litt tid på å ta imot. Ikkje akkurat minimalistisk eller puritansk. Her har treskurd og skaparglede fått utfalde seg i eit vakkert jugendprega rom.

Dette vert utgangspunktet vårt. Puritanismen, slik han trer fram i moderne kvitt interiør, i politiske, kulturelle og helsemessige trendar som krev ei slags reinleik, det idealistiske, strenge, puritanske. Olav sitt spørsmål går til meg; «kvifor finn vi no puritanismen meir utanfor religionen enn innanfor?»

Eg undrast på om det ikkje har noko med at ein søker det evige, reine, himmelske utan å måtte bli skitten, gamal, døy eller smake jordas prosessar. Som om ein av redsel for å døy ikkje tør leve. Og utallige gonger vert ordet kontroll nemnt i samtala vår. Eg trur også det handlar om at ein vonar at enkle løysingar, enkle svar skal gje kontroll over det komplekse levande livet.

Knut Arne er inne på dette at i «gamle dagar» kunne ein grave ned ei død høne og ho vart til jord, og ga sitt til at jorda vart næringsrik. No er det ein heil industri rundt avfallet, og det får ikkje sjansen til å berre koma tilbake til jorda slik den sunne naturens gang er. Om det er bakteriane vi er så redde for? Dei nemner helsefarlege sterile sjukhusmiljø og motsetnaden; biokol, og kompost-produksjonen, som gjer jorda porøs og mellom andre gode kvaliteter sikrar rom for mangfoldig bakterieflora og næringsinnhald.

«Vi er ikkje borgarar av jorda lenger» seier Knut Arne, «men konsumentar, av varer og turar i siste utstyrsmote, mot dei høgaste fjelltoppane, på den kortaste tida. Vi lever ikkje i samspel.»



## Av seg sjølv ber jorda grøde

(Mark 4, 28.)

Eg får eit bilet av Olav: «Det som veks i jorda både gir tilbake og får av jorda medan det veks, det gir og tek på same tid. Når vi gjødsler med kunstgjødsel alle dei næringsstoff som planten treng tilført, og han treng ikkje gje noko att til jorda for å få det han sjølv treng. Han veks seg stor og jorda vert utarma. Omrent som når ei mor spring fram og tilbake til den bortskjemde ungen som sit i sofaen og veks seg diger på potetgull og cola; han får alle næringsstoffa medan mora vert utarma og sliten, og kan hende han heller ikkje blir så sunn og frisk?»

Han held fram: «For ein som driv med «meir evigvarande» handverk er det rart å sjå på måten ein prøver å kreere det «perfekte liv» på. Anten det er gjennom nevrotsiske helseregime for å skape den perfekte kroppen, eller sjølvpresentasjonen på sosiale media der vi prøver å framstå som vellukka individ. Og så noko så forgjengeleg som eit menneske da!»

«Utan at kveitekornet fell i jorda og dør vert det berre dette eine kornet» seier Jesus om sin eigen død, og minner om veksten og det nye livet. Men det er ein forskjell på å falle i jorda som eit skada korn eller eit friskt korn. For å seie det med Knut Arne; «Det øydelagde kornet blir brote ned og utnytta av det som lever rundt, det friske spelar på lag med livet og veks. Så lenge eg lever, ønsker eg å spele på lag med naturen – når eg dør ønsker eg å bli utnytta som næring til nytt liv; Eg trur også på eit jordisk liv etter døden». Et flott Credo (truvedkjennung) synes eg, men når vi kjem i tale på at ein slik sett ikkje vil vere til stor nytte om ei vert gravlagt på ein kyrkjegard i staden for på eit jorde, ser presten det naudsynt å minne om at vi ikkje BERRE er kropp, men også ÅND!

Vi kom i tale om kyrkja, denne staden som ein kan hende kjennen ein kunne gått oftare til, men.... Og det leier meg til spørsmålet; kva er heilagt? Er det noko som er skild frå det vi har prata på no, eller kvar er det? Olav slepp først til; «pottemakaren er ikkje potta, skaparen er ikkje skaparverket, men det blir også kunstig og feil å skilje; det er gjennom potta vi kan ane pottemakaren, å gjere vald på skaparverket er helligbrøde. Å ære det heilage er å respektere skaparverket, det er skaparverket vi ser og må ta vare på! Og det er som mangfald vi tek vare på det og oss sjølve.


Men kva er det då med kyrkja som gjer at det er godt å koma dit? Det har ikkje alltid vore læra, det vert vi fort samde om. Men for å gje Knut Arne siste ordet; «der har generasjonar av levd liv vore samla, det gjev rom for ettertanke og ro.»

På veg ut går tankane til varmare tider og høgtida vi er på veg inn i. Påska med håpet om nytt liv ligg til den tida naturen kjem til live att. Påska gjev ingen kvite, reine, overfladiske løysingar på det mangfoldige livet. Ho minner om kveitekornet som fell i jorda, og den rike grøda.

## UTDELING AV 4-ÅRS BØKER




**4 ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE 14. JANUAR 2018.** Dei som fekk bok:  
Marit Sandnes Gunhildgard, Frida Klevgård Hovi,  
Jenny Bredesen, Kristiane Liaskar Granli, Sigrid Skaret,  
Henriette Bakken Rogne og Elina Stavenjord Rogne



**4 ÅRSBOK I HEGGE KYRKJE 21. JANUAR 2018.** Dei som fekk bok:  
Eskil Gram-Sebu og Storm Lien Sletten



**4 ÅRSBOK I LIDAR KYRKJE 14. JANUAR 2018.** Dei som fekk bok:  
Amalie Nilsen Skolte, Kasper Lauritzen-Bomlie,  
Sander Steen Dalen og Markus Skrebergene



**4 ÅRSBOK I VOLBU KYRKJE 21. JANUAR 2018.** Han som fekk bok:  
Henning Alexander Bakkene Ekeberg.

## LYSVAKNE 6. KЛАSSINGAR...

ryddar veg for Herren.



har stemingsfull morgenaking etter ei natt i kyrkjestogo.

## UTDELING AV BIBLAR & AKEDAG I HEGGE KYRKJE 11. FEBRUAR



**VOLBU KYRKJE:**  
**5. KЛАSSINGANE VED ROGNE SKULE FÅR SPENNANDE BOK!**



**HEGGE KYRKJE:**  
**5. KЛАSSINGANE VED LIDAR SKULE FÅR SPENNANDE BOK!**

- med fart, moro, quiz,  
kakako og bollar.



## Glimt frå konfirmasjonsleiren HEKTA i Håkonshallen

TEKST AV KONFIRMANTANE: KRISTIN, SINA-ALIDA, KJERSTI OG MARTEA / FOTO: HEKTA

**Helga 9.-11. februar var vi på konfirmasjonsleir i Håkonshallen saman med 1200 andre ungdommar frå hele landet.** I løpet av helga vart vi betre kjend med både oss sjølve og den kristne tru. På konsertar og samlingar var det mange flinke songarar, prestar og skodespelarar som verkeleg opna augne våre for kor morosamt kyrkje og kristendom kan vere. På dagane var det morosame aktivitetar, der ein kunne delta på alt frå slalåmkøyring i Hafjell til å perle bønnekrans. Alt i alt var dette ei fantastisk oppleving, og vi ser allereie fram til ny leir i Kragerø til sommaren.



Foto: Julie Dybdahl



Foto: Kristian Braastad



Foto: Scott R Sanden



Foto: Stian Karlstad Berntsen



Foto: Markus Lierhagen



Foto: Scott R Sanden



HEKTA



Foto: Julie Dybdahl



Foto: Marius Ramdahl



Foto: Markus Lierhagen



Foto: Eli Vatn



## Påskefeiring på Tao Fong Shan i Hong Kong

TEKST OG FOTO: INGRID OG JOHN MEYRICK

**Vi har vore så heldige at vi har budd på Tao Fong Shan (TFS) eit kristen senter i Hong Kong, eit par år no etter at vi vart pensjonistar. Der var vi med i ein engelskspråkleg kyrkjelyd. Vi hadde gudstjenestene våre i ein bygning som såg ut som ein buddhistisk pagode. Her vart alle merkedagane i kyrjeåret markerte og no inviterer vi dykk med på påskefeiring, alle merkedagar frå og med askeonsdag til og med 1. påskedag.**

**ASKEONDSDAG** innleier fastetida.

Klokken ringer 40 slag til minne om Jesu 40 dagar i ørkenen og at vi går inn i 40 dagar fastetid.

Gudstenesta begynner ute der presten brenn palmeblad frå forrige års påskefeiring.

Ocka vert blanda med olje og før vi går inn i kyrkja, får vi alle eit oskemerke i panna med orda: «Måtte denne oska minne oss om å overgi livet vårt til Guds vilje.»



**PALMESUNDAG** går Jesus inn i den heilage staden Jerusalem i triumf. Folk helsar han med palmeblad og lovprising. Likevel fører vegen hans til smerte og død. I dag minnest vi Jesu inntog i Jerusalem med vår eigen palmeprosesjon. Her står vi klare framfor kyrkja og vi går syngende tre gonger rundt kyrkja før vi går inn til gudsteneste.



**SKJÆRTORSDAY** var dagen Jesus innstifta nattverden då han hadde det siste måltidet saman med lærersveinane. « Den natta han vart sviken, tok Han eit brød, takka og braut det ---. Likeins tok Han kalken etter måltide, takka, gav dei og sa --- .

På TFS feira vi dette måltidet ikkje berre på kvar gudsteneste, men også på spesielle gudstenester kvar fredag morgen kl.07.00 med påfylgjande felles frokost.

**LANGFREDAG** blir på TFS markert med korsvandring med sju stasjonar og lesing av alle påska sine tekstar fram til korsfestinga.

TFS ligg oppå ein åsrygg. Yttarst på ryggen, mot byen er det reist eit 38 m høgt kors, støypt i betong, synleg for heile dalen.

Her begynner vi vandringa. Dei sju stasjonane er: Jesus i Getsemane, Jesus forrådt og arrestert, Peter fornekta Jesus, Pilatus dømmer Jesus til korsfesting, Jesus blir piska og får tornekrone, Jesus møter kvinnene frå Jerusalem, Simon hjelper Jesus å bera korset. Vandringa endar i Christ Temple (kyrkja) der korsfestings-tekstane blir lesne. Prosesjonskorset blir bore inn i kyrkja og dekka med eit svart klede og vi går stille kvar til vårt.

**FYRSTE PÅSKEDAG**

Gudsteneste før solrenninga.

Vi begynner i kyrkja der korset blir avduka som teikn på Kristi oppstode.

Etter å ha hørt tekstane om oppstoda, går vi ut av kyrkja og attende til det store korset der vi feirer nattverden medan sola står opp.

Etterpå samlast vi i Ascension House (Oppstdingshuset, direkte omsett!) som ligg i bakken nedunder korset, til felles frokost.

For oss fekk uttrykket "høre og gjøre" nytt innhald. Vi ikkje berre hørde påskeboskapen, men vi "gjorde" han også.

I stor takksamd for å ha opplevd dette ynskjer vi dykk alle ei GOD PÅSKE!



## JULETREFEST - av Eli Vatn

Ei herleg oppleving, stinn brakke, panikkarta kjekshandel på Sebu, tett, bråkete, liv, varm og vennleg juletregang, flinke konfirmantar, god gammeldags juletrefeststemning. Noko av responsen i etterkant av det som i år var sokneråda og Røde kors omsorg sin felles joletrefest.

God reklame og ei open juletrefestfamn sørga for at 130 menneske kom og var med på juletrefesten 7. januar. Unge og gamle, nyinnflytte og i generasjoner tilhøyrannde, norskalande og alt anna enn norskalande i ei salig blanding.

Vi fekk kan hende ikkje snakka så mykje med våre nye innbyggjarar, til det er dei språklege hindringene for store, vi sat på forskjellige bord. Men vi var i same rom, såg kvarandre, og ikkje minst tok kvarandre i hendene og gjekk rundt juletreet saman!

Betre universelt fellesskap kan vel knapt tenkjast, og ikkje minst når dei «heilage tre kongar» kom frå fjerne strøk for å tilbe det vesle barnet. Det kunne vi samlast om anten vi var frå Syria eller Volbu. Og om det vart for mykje bråk, så kan alle fastbuande i alle fall vite med seg sjølv at de har gitt eit rom for flyktningar der dei kan kjenne at dei er tekne imot av ei god, vennleg bygd.

Juletrefestkomiteen har teke lærdom av suksessen, og vil nok til neste år sørge for meir eigna lokale slik at unge og gamle både kan samlast og vera kvar for seg i ei litt meir harmonisk samrøre.

## PÅSKEVANDRING FOR DEI ELDSTE I BARNEHAGEN

av: Ellen Oddveig Rudi



I veka før påskehøgtida tek til, vert det tilbod om å delta på påskevandring i Rogne kyrkje for dei eldste borna i barnehagen.

Dette er ei vandring gjennom historia om kvifor me feirar påske, og borna får høyre påskeforteljinga samstundes som dei får bruke dei ulike sansane sine undervegs.

I kyrkerommet er det ulike ting som møter oss; palmegreiner, ei tempelkiste, eit velta bord med mynter på, vaskefat, brød og saft, ein liten hage, ei kappe, spikrar, trebjelkar og ei kongekrone. Undervegs høyrer vi både sint, trist og glad musikk, vi tender lys, og vi syng påskesongar. Mange fine samtaler vert og skapte omkring dei ulike hendingane me høyrer om, og utfrå fargerike teikningar som me ser på. Vandringa vert avslutta med gul lunsj.



## DÅPSPERM I ØYSTRE SLIDRE

av: Ellen Oddveig Rudi



Frå og med dette året har vi starta opp med dåpsperm i kommunen vår.

Dette er ein perm som fylgjer barnet frå dåpen og fram til det året dei fyller 12. år.

I permens vert dei ulike trusopplæringstiltaka i kommunen vår presenterte, og barnet får kvart år ei lita helsing frå oss som jobbar i kyrkja.

I permens er det òg rom for å setje dåpsattest og program for gudstenesta som var den dagen barnet vart bore til dåpen. Målet med ein slik perm er både at dei føresette kan få kjennskap til kva barnet kan vera med på av ulike trusopplæringstiltak i åra framover, men og at det einskilde barn kan få moglegheit til å utforske trusvegen på sin eigen måte.

## Pilegrimsvandring i sommer?

For trettende gang arrangeres en fellesvandring for pilegrimer gjennom Valdres - fra Hedalen stavkirke til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Vandringen tar 8 dager og går gjennom fire kommuner. Du får se fem stavkirker, tre middelalder-steinkirker, fire Olavs-minner. Her er mange andre kulturminner. Du får oppleve den vakre Valdres-naturen i sakte tempo. Dette er ingen opprinnelig pilegrimsled, men St. Thomaskyrkja var et viktig pilegrimsål i middelalderen.

«*Vinden fra vest blåste gjennom Valdres da sagnet om Sunniva på Selje kom over fjellet, da biskopen i Svikens kirken i Stavanger var vår biskop, og da Thomas av Canterbury ble skytshelgen på Filefjell. Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her.*» Dette leser vi i brosjyren om sommerens fellesvandring.

Vandringen begynner med samling på Solheimen i Hedalen fredag 29. juni, og avsluttes på Filefjell lørdag kveld, 7. juli. Dersom du blir med, vil du på det tidspunkt være en stor opplevelse rikere!

Overnatting, mat, noe felles kjøring, frakt av bagasje, følgebil er inkludert i prisen.

Du vandrer med en liten dagstursekk.

Her er turledere og pilegrims-prest.

For mer informasjon og eventuelt påmelding ta kontakt med Pilegrimsfellesskapet St. Thomas på e-post: [trondoi@online.no](mailto:trondoi@online.no) eller [jbjahnsen@gmail.com](mailto:jbjahnsen@gmail.com)

- Hans Enger

## Tusen takk!

I november fekk soknerådet i Volbu brev frå Valdres tingrett, der det gjekk fram at Nils T. Windingstad hadde testamentert kr 200 000 til soknet der han vaks opp og budde det aller meste av si tid.

Nils døyde 21.10.17, 89 år gammal.

Han var heile livet engasjert i lokalmiljøet, kommunen og var ordførar ei periode sist på 70-talet.

Denne haldninga til bygda og friviljug innsats ga seg til sist uttrykk i at han mellom anna testamenterte betydelige summar til soknerådet, pensjonistlaget og klubbhus på Storefoss.

Soknerådet er sjølv sagt overvelta og særskilt takksame for ei slik uventa testamentarisk gåve. Takken får vi no berre formidle vidare til slekta som får ta imot den på vegne av Nils.

Etter testamentet er gåva ikkje knytt til noko bestemt føremål, men soknerådet ynskjer å plassere pengane på eige konto og ta tida til hjelpe for å gjøre gode val med tanke på korleis dei best kan nyttast. Truleg kan gåva frå Nils bidra både til å setje varige spor i bygda, og samstundes gje vidare glede til kyrkjelivet for sambygdinger i Volbu.

Under gravferda vart det samla inn ei gåve på kr 3 695 til Volbu kyrkje.

Me ynskjer nok ein gong å takke for den rause gåva!

For Volbu sokneråd Einar Eriksen



## KYRKJELGE HANDLINGAR

DESEMBER 2017 - FEBRUAR 2018

### VIGSEL

#### OLE, LIDAR SOKN

Grete Hedalen og Vemund Skaret

#### LIDAR KYRKJE

Jorunn Rogne og Leif Skjold Ekerbakke

### DØYPTE

#### LYSKAPELLET

Vilma Bang Dalen

#### LIDAR KYRKJE

Andreas Fjellstad Lie  
Lene Skrebergene

#### HEGGE KYRKJE

Lea Abelsen Nordtorp

#### VOLBU KYRKJE

Iver Hegge Blomlie

### DØDE

#### LIDAR KYRKJE

Sigrid Hedalen Myhre

#### HEGGE KYRKJE

Gunnar Rødningen  
Odd Fredrik Frøberg  
Borghild Beito

#### ROGNE KYRKJE

Ivar K. Rudi  
Per Jøsaas Lundli

## VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar

### Påsken

**25.03.2018 Palmesundag**

**Rogne kl. 11.00**

Høgmesse. Nattverd

Takkoffer Barn- og ungdomsarbeidet i Rogne

**ØS Sjukeheim kl. 16.30**

Kyrkjekaffi v/Lidar sokneråd kl. 15.30

**Lyskapellet kl. 11.00** Gudsteneste.

**29.03.2018 Skjærtorsdag**

**Lyskapellet kl. 17.30**

Den gylne time. Nattverd

**Volbu kl. 19.30** Høgmesse. Nattverd

**30.03.2018 Langfredag**

**Buhaugkrysset kl. 15.00** Andakt

**Lidar kl. 19.30**

Pasjonsgudsteneste.

Takkoffer Røde Kors Lokalt.

**01.04.2018 Påskedag**

**Lyskapellet kl. 09.30** Gudsteneste.

**Hegge kl. 11.00**

Høgtidsmesse. Nattverd

Takkoffer Kirkens SOS

**02.04.2018 2. Påskedag**

**Volbu kl. 19.30** Høgmesse. Nattverd

### April

**08.04.2018**

**Lidar kyrkje kl. 11.00.**

Høgmesse. Dåp. Tårnagent.

Takkoffer Redd Barna

**15.04.2018**

**Rogne kyrkje kl. 11.00**

Høgmesse. Tårnagent

Takkoffer Barne- og ungdomsarbeid i soknet.

**22.04.2018**

**Hegge kyrkje kl. 13.00**

Høgmesse.

Takkoffer Kyrkjebladet

### Mai

**06.05.2018**

**Volbu kyrkje kl. 11.00**

Høgmesse

**10.05.2018 - Kristi himmelfartsdag**

**ØS Sjukeheim kl. 11.30**

Gudsteneste

**Lyskapellet kl. 17.30**

Gudsteneste

**17.05.2018**

**Volbu kyrkje kl. 09.30**

Gudsteneste

**Lyskapellet kl. 17.30**

Den gylne time

**20.05.2018 - 1. Pinsedag**

**Hegge kyrkje kl. 11.00**

Høgmesse. Takkoffer Areopagos

**21.05.2018 -2. Pinsedag**

**Rogne kyrkje kl. 19.30.**

Samtalegudsteneste

Takkoffer Rogne kyrkjestogo

**27.05.2018**

**Lidar kyrkje kl. 12.00**

Dylan messe

Takkoffer SOS Barnebyer

**Hegge kyrkje kl. 19.30**

Samtalegudsteneste

Takkoffer Kirkens SOS

### Juni

**03.06.2018**

**Volbu kyrkje kl. 10.30**

Konfirmasjon

**Rogne kyrkje kl. 12.30**

Konfirmasjon

**10.06.2018**

**Lidar kyrkje kl. 10.30**

Konfirmasjon

**Hegge kyrkje kl. 12.30**

Konfirmasjon

**17.06.2018 - Volbudagen**

**Volbu kyrkje kl. 11.00**

Høgmesse

### Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 er

Den gylne time i Lyskapellet.

Hjarteleg velkomme.

### Kyrkjeskyss

#### LIDAR:

Mette Lein 996 90 632

#### HEGGE:

Hildegunn Dale 975 82 610

Synnøve Rødningen 992 37 680

#### VOLBU:

Liv Heitun Eriksen 926 37 556

#### ROGNE:

Gustav Fystro 910 04 468

### KONFIRMANTAR VÅREN 2018

#### VOLBU KYRKJE 3. JUNI KL. 10.30

Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene

Tom Kristian Rogne Steen

Ingvild Opheim

Nora Røsseng

Emilie Bakke Vestheim

#### ROGNE KYRKJE 3. JUNI KL. 12.30

Emanuel Dokken

Håkon Tågerud Gullaksen

Jørn Kristian Mathisen

Simen Andre Opheim

Sigurd Øygard

Linnea Gjævre-Myrvold

Oda Nygård

Sina Alida Van Veen-Skattebu

#### LIDAR KYRKJE 10. JUNI KL. 10.30

Håkon Andrè Onstad Evensen

Mads Langli Myrvold

Mathias Paaby Jørgensen Stølen

Nicklas Skjønnhaug

Halvor Beito Øverby

Nathalie Gjærden-Ganchev

Tonje Hedalen Stølen

#### HEGGE KYRKJE 10. JUNI KL. 12.30

Sondre Heggemoen

Martin Dalen Heggernes

Knut August Melby

Odd Tidemann Røyne

Kristin Alfstad

Kjersti Dahle

### Pusterom

#### 26. mars og 7. mai i Volbu

Åpen kyrkje fra kl 18.00

Teservering i sakristiet.

Felles meditasjonsstund: 19.00 – 19.30

### Diakontreff

#### 11. april kl. 11.30 - 14.00

Diakoniutvala i Rogne og Volbu bed inn til diaconitreff i Rogne kyrkjestogo.

Alle velkomne!

### Salmekveldar

Vi inviterer til to salme- og sangkveldar denne våren.

#### 18. mars i Rogne kyrkjestogo kl. 19.00

#### og 13.mai i Hegge kyrkjestogo kl. 19.00

Det blir kaffi og noko å bite i! Har du lyst til å være med? Du er hjarteleg velkommen!

